


# BOKN BYGDABLAD


Nr 4 - Mai 2000 - Årg. 15



17. mai - s.4



Hestesportanlegg - s. 9



Vatn - s. 10



Klubbkveld - s. 26




Bokn kommune  
150 år

Kusymre  
kommuneblom i Bokn







## ORDFØREREN RDET

*Så er endelig våren kommet og det med glans, det blei sommer med ein gong.*

*Det er ei tid kor alle har det travelt, så også i kommunen.*

*Då er der mange årsmøter, generalforsamlinger og andre møter så eg må beklage at eg kan være litt vanskelig å nå.*

*Som dokke sikkert har sitt så er arbeidet kommet i gang på barnehagen og den er berekna å være ferdig høsten 2000, noko me ser fram til.*

*Me arbeide også med et prosjekt for å få bygget 2 ungdomsboligar i samarbeid med husbanken. Får me alt til, kan dei byggast høsten 2000/vinteren 2001. Det er noko som mange unge har venta på lenge.*

*Det er også et arbeid i gang for å få til et regionalt rideanlegg på Bokn. Dette er noko som vil gi Bokn store muligheter. Der kan bli avholdt regionale, nasjonale og internasjonale stevner. Anlegget kan brukes i reiselivssammenheng, leirskule og selvfølgelig gir det store muligheter for å drive med hest på Bokn.*

*Kanskje burde vi i samme slengen planlegge for et grendahus i nærheten?*

*Kommunen har fått ny leigar av verkstaden på Alvestad. Harald Nygård og Bokn Mekaniske har sluttet og solgt verktøy og maskinar til Olufsen Skipsservice AS. Eg vil takke Harald for den tida han har hjulpet Boknarane og ønske Olufsen Skipsservice AS lykke til.*

*Bokn kommune hadde et godt år i 1999 og fekk et udisponert overskudd på ca 3 mill. kr. Dette skyldes i stor grad skatt frå utanlandske arbeidrarar i Knarholmen.*

*Dette har kommunestyre vedtatt disponert slik:*

*300 000,- til tilfeldige utgifter etter vedtak i formannskapet.*

*700 000,- arsett til tilleggsloyvingar.*

*1 000 000,- arsett til næringsforemål/gjennomføring av kommuneplan.*

*1 039 000,- arsett på kapitalfond.*

*Formannskapet har brukt av desse midlane til:*

*100 000,- til bord, stolar, kjøkkenutstyr og div. inventar i gymsalen.*

*90 000,- til digitale kart(georekst-prosjekt).*

*70 000,- til utbedring av kommunale kaiar, i samarbeid med båtföreningen.*

*100 000,- til 150 års jubileumet.*

*17.mai komiteen har også i år stelt istand ein tradisjonell feiring av nasjonaldagen, og eg vil ønske alle lykke til med feiringa av 17 mai og velkommen på dagen og til fest om kvelden.*

*Svein Ove Alvestad  
Ordfører*



## KVA MED 2. ETASJE I KYRKJEBYGD SKULE?

Bokn driftsstyre ynskjer innspel på kva denne etasjen kan og bør brukast til når barnehagen flyttar ut til jul.



- Er det automatikk i at heile huset blir kulturhus, og at ungdommen bør eller skal prioriterast?
- Er det naturleg at Fritidsklubben Petra, som i dag disponerer 1. etasje og 3. etasje saman med Bokn vevstove, også får boltra seg i 2. etasje?
- Kanskje er etasjen ein midlertidig eller permanent plass for museumsgjenstander? Slik som t.d. den stakkars feringen som står ved Allrommet på Boknatun.
- Er det andre lag, organisasjonar, eller andre som har eit behov og ynskje om å disponera dette arealet?

Viss du har ynskjer, behov og meiningar, gir du desse til kulturkontoret før 15. juni.

Hugs at det er for seint å bry seg etter at det er bestemt kva etasjen skal brukast til.

## Til jegere i Bokn og andre med interesse for viltforvaltning

### TEMAKVELD OM SEL OG SEL- JAKT, HJORTEVILTFORVALTNING OG BRUK AV SPORHUND

Bokn viltnemd inviterer til temakveld om jakt på Boknatun tirsdag den 30 mai kl. 1900

Det blir orientering om sel og seljakt i Bokn afjordbassenget ved Gunnar Henriksen som er blant landets fremste selekspert.


Karl Ludvig Ådland, som er sekretær for Hjorteviltutvalget, vil orientere om utvalget sitt arbeid, merkeforsøket, hjortebestanden på Haugalandet og framtidig forvaltningsprinsipp.

Harald Selsås fra sporhundsentralen vil fortelle om erfaringene de etter hvert sitter inne med.

Vi ønsker vel møtt til en hyggelig "jaktprat"

Bokn, den 05.05.00

Erik Våga  
Leder av viltnemda





# 17. MAI FEIRINGA PÅ BOKN 2000

Av: Reidar Alvestad og Annette Bokneberg



Årets feiring av 17. mai fekk ein kald og luftig start. Den tradisjonelle kapproinga vart avlyst grunna liten påmelding, men det vart arrangert padling. Dei som fekk premie i jenteklassen var Therese Våge og Sophie Alvestad. I gutteklassen fekk Erik Alvestad og Tom Inge Aksdal premie.



Toget mot kyrkja. Lars Ove Vatnaland med hest og kjerre, gjekk først i folketoget.



Etter gudstenesta gjekk toget ned til sjukestova, der korpset spelte for bebuarane.

BORK og Erik Eikje var på plass med hestar og ponni. Det var til stor glede for dei minste som sto i kø for å få seg ein ride- eller køyretur.



Klokka 12, var det opning av dagen i gymsalen. Mange syntes nok det var godt å komma inn i varmen. Appellen i år var ved elevar frå 8. klasse.



Småskulen på scenen med "Vårsong".








”Høyre – venstre – høyre..” Ikkje lett med plankeløp!




Det var leikar for barn og vakse. Her er det sekkeløp på fotballbanen.



Godt å ha ein liten hest når ein ikkje er så stor sjølv.



Ungane fekk også prøva planken, der samarbeid er veldig viktig.....



Den tradisjonelle spikerkonkurransen!





Vel 70 personar høyrer Sigmund Alvestad opna folkefesten 17.mai 2000 om kvelden. Etter matøkta var det Sigrunn Hole Hosaas som leia festen.




Tina Høyland song 1000-års songen og Boknasongen. Sistnemnde har vanskeleg tekst og tone, men Tina kan trylla med songen sin, og får alt til å bli vidunderleg fint.



Sigrunn Hole Hosaas leia siste del av programmet på festen. Her frå "20 spørsmål på scenen" kor emnet var knytta til kommunen sitt 150-års jubileum og ting som har skjedd i Bokn si historie. Birger Lindanger var dommar for laga som var: A: Arvid Sæbø/Inger Sønnøve Bokneberg/Peder Våge. B: Elly Borgenvik/Trond Nedrebø/Augustin Thuestad. Det var A-laget som til sist halte sigeren i land.

Etter at Sigrunn Hole Hosaas hadde lese den velskrivne prologen av Dag Idar Jø-sang, heldt Lars A. Myhre tale for dagen. Han er leiar av NOPEF, og hadde mange gode poeng som han knytta til vår 17.mai feiring.



Øverst på neste side: "Husmoderforæningen af 1803" gjorde stor lykke med sitt innslag. På neste side ser du ordfører Svein Ove Alvestad som m.a. fekk overreikt ein frisk utgåve av "kommuneblummen" kusymre. Kjekt at nye fjes kjem fram på scenen med ein ny vri.



Til venstre: Sigmund Grønne-stad og Daniel Thuestad på fele og trekkspel som sørga for tonefølgje til allsongen pluss eigne musikkinnslag. Dei er gode i sin musikkstil.



Frå v: Sveinung Sæbø, Henriette Øvrebo og Lars Øyvind Alvestad gjorde sitt til at lyd og scene heile dagen funka som det skulle.




1. Kva syns du om 17. mai i år? Er det betre dette året?

2. Har du feira 17. mai andre plassar? Ja: Kor var det best? Nei: Er det så bra her at du ikkje vil



3. Er det noko som burde vore betre med feiringa i Bogn?



av Lars Morten Kro



Daniel Dobrev

1. DET VAR BETRE FØR, FOR DÅ VANT EG MEIR, OG DET VAR MYKJE VARMARE ENN I ÅR!

2. NEI, EG SYNS DET ER BEST HER! EG VEIT IKKJE KVIFOR MEN EG SYNS BERRE DET!

3. DET BURDE VORE KNALL I BUTIKKANE I BOKN! OG DET BURDE VORE FLEIRE TING Å HOLDE PÅ MED!

Reidar Alvestad

1. EG SYNS 17. MAI-FEIRINGA I ÅR ER TRADISJONELL SLIK SOM HU PLEIER Å VERE.

2. DET ER BEST Å VERE HER, FOR HER ER DET LETTARE Å SNAKKA MED FOLK, OG DET ER FLEIRE KJENTE.

3. KAPPROINGA OM MORGONEN BURDE VORE BETRE, SLIK AT FLEIRE MELDTE SEG PÅ.



Anders Aksdal

1. DET ER GØY, MEN IKKJE BETRE ENN FØR. DET ER FORDI DET VAR MEIR TING FØR.

2. NEI, MEN EG VILLE HELLER VORE I HAUGESUND OG SITTE PÅ RUSSETOGET.

3. EG SYNS KONKURRANSANE ER LITT FOR VANSKELIGE FOR FOLK PÅ MIN ALDER, SÅ DET BURDE VORE LETTARE TING. OG DET BURDE VORE FOLK PÅ BANEN HEILE TIDA!

Kjetil Hamre

1. VERET ER IKKJE SÅ BRA, MEN UNGAR OG VAKSNE KOSER, I ALLE FALL DEN STORE UNGEN HER!

2. EG HAR OGSÅ FEIRA PÅ SOLA, OG BEGGE PLASSAR HAR SIN SJARM, MEN BOKN ER BEST FOR DET ER SMÅ KOSelige FORHOLD.

3. LA BARNEHAGEN RI ALLER FREMST SAMEN MED BORK, OG HA FLEIRE SALSODER! DET HADDE OGSÅ VORE BRA DERSOM DET HADDE VORE EIN FOTBALLKAMP DER KOMMUNEARBEIDARAR FÅR BEVEGA SEG LITT!





# KUNST OG HANDVERKS VEKE VED BOKN SKULE

Tekst & foto: Annette Bokneberg

Elevane ved Bokn skule har i veke 18 jobba med kunst og handverk. Både ute og inne var det full aktivitet, og store og små jobba saman.



**Elevar i småskulen har tatt malebordet med seg ut i det fine veret.**

Veka blei avslutta med open dag på fredagen. Mange foreldre og søsken møtte opp for å sjå kva elevane hadde gjort.

I gymsalen var det laga til kafe, der elevane sjølv sto for baksten.



**Ein smakebit av utstillinga i gymsalen.**


**Eit barn har sagt dette om ei utstilling:**

*En kunstutstilling er et sted hvor noen kunstnere blir hengt opp på veggen så folk kan komme og se på dem.*

*Et virkelig kunstverk er et bilde som er like godt uansett hvilken vei det henger.*



**Uteområdet rett nedfor skulen har og forandra seg den siste tida. Her bygges m.a. hytter og stigar.**



**Gjerdet langs fotballbanen trøng sårt maling, og med fri fantasi blei det et fargerikt syn!**



**I gymsalen er det klart for filmframvising. Det blei gjort opptak under heile veka.**



# HESTESPORTSANLEGG PÅ DAGSORDEN !

Tekst: Kari Christensen. Foto: Jardar Havikbotn

## Et faglig treffsted

Interessen for hest har utviklet seg raskt her i distriktet, noe den store aktiviteten i Bokn Ride- og Kjøreklubb (BORK), Faxi Islandshestforening og Njård Fjordhestlag bekrefter. Foreningene har både fellesarrangement og egne aktiviteter og konkurranser. En ting samler hele miljøet: ønsket om et faglig treffsted, hvor en kan samle og stimulere interessen for hest gjennom kurs, trening, og sportslige og sosiale aktiviteter. - Et tilbud til både barn, ungdom og voksne, enten det er vanlig ride- og kjøreopplæring, terapiridning eller hest i næring.

## Hest på dagsorden

I mange år har ildsjeler i islandshestmiljøet i Nord-Rogaland arbeidet for å skape et interkommunalt eller regionalt hestesportsanlegg, uten å komme i mål. Bokn kommune har nå tatt initiativ til å sette denne ideen om et *interkommunalt hestesportsanlegg* på dagsorden, med tanke på etablering i Bokn hvor det ikke er noe regionalt eller interkommunalt idrettsanlegg. Dialogen er igang mellom kommunen og rideklubbene, Rytterforbundet, Rytterkretsen i Rogaland, Tysvær kommune og andre instanser som må involveres !

## Mer enn hundre års erfaring ...

BORK, Faxi og Njård har etablert en arbeidsgruppe som skal "fore" kommunen med ideer og forslag. Gruppen består av Erik Eikje, Andreas Nemeth og Kari Christensen fra BORK, Tone Kolnes og Olav G. Larsen fra Faxi og Odd Jostein Askeland fra Njård - en gjeng med tilsammen over 100 års allsidig erfaring med hest, pluss mange ønsker og ambisjoner for hestesporten.


## Studietur

En gruppe fra Bokn kommune, arbeidsgruppa, arkitekt og representant fra Rytterforbundet var på befaring ved to større rideanlegg på Østlandet 4.mai, for se på ridehus og staller og få vite mer om driftsformer og Erfaringer



Hvite sportsponnier i ridehuset på Øvre Fossum

Vi var først på Øvre Fossum gård i Oslo, med ridehus, staller, oppholdsrom og en mindre, utendørs bane, omgitt av drabantbyen på Stovner. Fossum er en stiftelse med bl.a. kommunen som en vesentlig andelseier. Daglig leder Jan Tønnessen orienterte oss om driften, og om sin filosofi, som gikk ut på at alle er velkommen til senteret - enten de rir eller ikke. Dette fungerte veldig godt, og mange barn/ungdommer bruker Fossum som sitt "sted å være". Ridesenteret hadde 1 års venteliste for å delta på ridekurs (!). Vi vet ikke hvorfor alle sportspionniene på rideskolen var kritthvite, men det var flotte dyr, og senteret var preget av mye trivsel og



Drøbak ridesenter, med felles ridehus- og stallanlegg

glede.

Neste stopp var Drøbak Ridesenter, et relativt nybygd, privat drevet senter med alle tenkelige innendørs- og utendørs fasiliteter og over 40 private oppstallere. Ridehus, staller, kafe, møterom, garderober og utendørs baner og luftegårder var preget av ryddighet og stil - og at daglig leder og konkurranserytter Nina Bråten holdt et fast og profesjonelt grep om driften. Drøbak-senteret var imponerende, og det var interessant å få vite mer om bygninger og driftsforhold.

Da vi reiste hjem om kvelden, var vi flere ideer og erfaringer rikere, med tanke på hva vi kan få til i eget nærmiljø. Og vi sender en takk til styremedlem Knut Olsen i Rytterforbundet, Jan Tønnessen på Øvre Fossum gård og Nina Bråten på Drøbak Ridesenter, som gjorde turen til et interessant og verdifull innslag i planarbeidet som er igang i Bokn.

Kari Christensen




# DET VELSIGNA VATNET

Tekst & foto: Reidar Alvestad

## DET BESTE VATNET

Bokn har ei god vasskjelde for drikkevatt. Torlandsvatnet var nok det beste alternativet då Bokn valde kva for eit av dei talrike vatna i kommunen som skulle vera kjelde for vassforsyning. Torlandsvatnet er etter våre forhold eit middels stort vatn, og det er djupt. Difor inneheld det adskillige kubikkmeter med godt vatn, og kan visst omtrent ikkje bli tømt med det forbruket som er i Bokn, sjølv på ein svært tørr sommar. I tillegg ligg det rimeleg bra avsondra frå trafikk og anna ferdsle. For ein del år sidan trudde mange at det kommunale drikkevattet i Bokn omtrent ikkje trong å rensast, og at me hadde eit reint vatn også sett frå eit helsemessig synspunkt. Men det var ikkje tilfelle. Forureininga kom sikkert både frå fuglar, husdyr og vilt som beitar i nedslagsfeltet. Sjølv om det er klausulerte område rundt vatnet som ikkje har husdyr på beite, renn det bekker frå beiteområde for dyr ned i vatnet. I tillegg beitar det hjort og andre ville dyr og fuglar i området. Difor var det heilt nødvendig å få opp eit skikkeleg anlegg for å rensa vatnet for helsefarlege bakteriar. I tillegg har ein fått ein metode for å ta bort brunfargen (humus) i vatnet. Det som blir gjort med råvatnet når det er kome opp i høgdebassenget på Vaulen, er at det blir tilsett jernklorid. Så går det gjennom to filtre som tar bort humusen. Før vatnet går ut på nettet, blir det UV - behandla. Dette tar bort eventuelle bakteriar. Etter at dette systemet kom i bruk for for rundt halvtanna år sidan, har Bokn hatt eit svært reint, godt og krystallklart vatn.



Torlandsvatnet med uttaket for drikkevatt i nordre delen, nedanfor bua til venstre. Herifrå blir vatnet pumpa opp til høgdebassenget og renseanlegget på Vaulen.

## BRØNNVATNET

Det fins ein del folk som synes dei har eit godt vatn som ser klart og fint ut. Men dei som ikkje har tilgang på kommunalt vatn, bør sjekka kvaliteten på det drikkevattet dei brukar. Sjølv om det smakar godt og ser reint ut, kan det vera helsefarlege bakteriar i det. Det kan finnast måtar å bøta på dårleg privat vasskvalitet.

Ein gong for nokre år sidan hadde kommunen forureining i det kommunale drikkevattet. Dette blei slått stort opp i media, og folk blei bedne om å koka vatnet i ein periode. Folk flest blir engstelege når slike ting blir slått opp i avisa, og ved eit arrangement i denne perioden, kor det var samla mange unge, var det difor ei kvinne som ville gjera vel og ta med seg vatn frå sin private brønn då ho skulle blanda saft til ungane. Det kommunale vatnet var jo helsefarleg. Stor var derfor overraskinga då ein seinare kontroll av dette private brønnvatnet viste at det inneheld mykje meir helsefarlege bakteriar enn det komunale nokon gong hadde hatt. Så ein kan aldri vera sikker utan kontroll.

## DET LIVGJEVANDE VATNET

Vatn på jorda er ein grunnleggande forutsetnad for at det skal kunna bu folk. Tenk berre på kva som skjer i område der vatn ikkje eksisterer. Då er det ikkje lenge før ørkenliknande landskap brer seg, og då er det så og seia uråd å bu der for menneske. Det viser seg etter kvart at god tilgang på vatn blir viktigare og viktigare i alle område av verda, og at kamp om vasskjelder kan vera medverkande årsak til både krig og konflikter. I Norge er me så heldige at me har vatn i enorme mengder. Ja, i så store mengder at me lagar elektrisk energi av ein god del, og brukar mykje i forskjellig type industri. Mykje går også rett ut i havet. Det er ikkje store mengder som går til drikkevatt og næringsmiddelindustri.

Men farane for at vatnet kan forureinast har me heile veien dersom me ikkje er på vakt. Tenk berre på området ved Gardermoen, kor ein har hatt tillop til forureining av grunnvatnet på grunn av ei giftig væske som blir brukt til av-ising av fly.

Reint vatn er viktig ikkje berre for drikkevattet sin del. Sjølv her i Bokn veit me kor mykje det betyr at også dei andre vatna utanom drikkevasskjeldene ikkje er forureina. Vatna ligg der som viktige faktorar for fugle- og dyreliv, for planteliv, fritidsfiske og anna rekreasjon og fritidsaktivitetar. Slik sett er dei ei viktig brikke dersom ein reknar at turisme skal vera ei næringsgrein i kommunen.

## DET KOSTBARE VATNET

I mange år er det produsert drikkevatt på kartong og flaske. Etter kvart har denne salsvara blitt ein viktig



del av den totale omsetnaden av drikkevarer. Også på eksportsektoren blir vatnet viktigare år for år. Norge har nok framleis ord på seg for å liggja i ein forureiningsfri del av verda med mykje vill og rein natur. I seinare tid blir det meir og meir aktuelt å eksportera vatn i større mengder enn tidlegare, og på heilt andre måtar. Eksport ved slep av vatn i store posar i sjøen er vel den siste ideen som har vore prøvd. Kor vidt vatn ein gong i framtida vil bli ei like viktig inntektskjelde for Norge som olje er i dag, vil berre tida visa. Det er i alle fall sikkert at det vil bli ei etterspurd vare. Difor er det nok viktig at me steller oss slik at den norske naturen blir rekna som rein, frisk og forureiningsfri. Dei norske fjordane vart nyleg av Chicago Tribune Magazine kåra til den beste turistattraksjonen i Europa. Grunngevinga gjekk på at "fjordane sin uvanlege kombinasjon av dramatisk og fargar – dei mange fossane som gir liv og rørsle til fjordane, det djupblå vatnet og den reine lufta som virkar beroligande, og dei snødekte fjella som gir fjordane perspektiv og dramatisk. Dette er naturen på sitt aller beste, både mjuk og tøff på same tid" skriv magasinet.

### DET LIVSVIKTIGE VATNET

Når du drikk eit glas vatn, går det meste av dette i magesekken. Noko vert alt sugd opp i munnen og spiserøyrret. Hovudopptaket skjer i tarmen, kor vatnet vert leia rett inn i blodstraumen. Vatnet som er tatt opp i blodstraumen, endar opp i portalvenen på veg mot levera. Her kryssar vatnet dei mikroskopiske sinusopningane kor næringsstoffa frakta i blodet vert "sortert og pakka" for vidare sending.

Neste stoppestad er hjarta sitt høgre forkammer som pumpar blodet med fornya kraft inn i lungene. Målet er hårrøysårene i veggene til dei små luftblærene, alveolene. Det er her utvekslinga mellom oksygen og karbondioksyd foregår, når vatn og luft møtest. Rensa og oksygenrikt blod fer tilbake til hjarta, denne gongen til venstre forkammer og hjartekammer. Her er det muskelstyrke i massevis til å pumpa blodet ut i det store kretsløpet. Via livpulsåra, aorta, vert blodet frakta til alle organa i kroppen og vev, rikt på oksygen, næringsstoff vitaminer, mineral og vatn. Hjernen får sin del gjennom avløparar alt på aortabuen. Hjernen er særleg avhengig av nok vatn. Deretter får musklar, nerver og andre strukturar sine deler. Alt ved eit tap på 3-6 prosent av optimal vasskonsentrasjon i kroppen, opplever ein fysiske og psykiske vanskar med mental sløvheter, spasmer, blodsirkulasjonsproblem og delirium. Nettopp hjerne, hjarta og musklar krev rik tilgang på vatn.

To mellomstore arterier fører blod til nyrene. Det meste av væska går med til å halda aktiviteten i gong, mens 200 liter i døgnet vert sendt gjennom nyrene sitt mikroskopiske filteranlegg. Filtringa er så effektiv at berre 1,5 liter vatn sendes ut av kroppen som urin. Noko vatn går tapt gjennom hud, lunger og avføring. Dersom nyrene ikkje resirkulerte vatnet i kroppen, måtte me


drikka rundt 800 glas i døgnet.

Men hjernen har kontrollen. Dersom urinproduksjonen bør bremsast, t.d. når me svettar mykje eller drikk lite, så slepper hypothalamus (eit lite vedheng i underkant av hjernen) ut eit hormon som gir nyrene melding om at meir vatn må gjenvinnast. Resultatet blir mindre hyppig urinering, mens urinen blir mørkare og luktar sterkt. Eit godt mål på om du drikk nok vatn, er fargen på urinen. Eit godt og rikeleg vassinntak viser seg ved at urinen blir nærmast som vatn.

### VASSRØVARAR

Alkohol og kaffi er ofte tema i samband med helse. Når det gjeld alkoholen, så belastar han alle organa han møter, sjølv om den eigentlege gift-effekten er på hjernecellene. Kaffien har vore i fokus som ein faktor som hevar kolesterolinnhaldet i blodet, og dermed risikoen for hjarte- og karsjukdom. Men både kaffi og alkohol er to viktige vassrøvarar. Dei er vassdrivande. Når Ringnes i ein reklamekampanje for Farris har tilrådd fordobla vassinntak dersom ein brukar kaffi eller alkohol jamt, så har dei faktisk rett i reklamepåstanden sin. Men det er altså godt nok med vanleg drikkevatt for å erstatta auka væsketap, det behøver ikkje nødvendigvis vera Farris.

### DET HELSEFREMJANDE VATNET



Her på Vaulen, ved foten av Boknafjellet, ligg høgdebasseng og renseanlegg. Herifrå går vatnet krystallklart og fritt for brun humus og andre helsefarlege bakteriar ut til abonnentane.

Mange drikk nok litt for lite vatn. Totalt taper me nesten 3 liter vatn om dagen gjennom svette, lunger, urin, og avføring – avhengig av den enkelte sitt aktivitetsnivå, kroppsstørleik, vassinntak, medisinske forhold og miljøtemperatur. Me treng altså ikkje drikka 200 liter i døgnet, men berre 3 liter. Omtrent 1 liter av dette får me gjennom maten. Resten må drikkast. Dessverre drikk mange mindre enn det halve, og det er særleg barn og eldre menneske som er utsette for vassmangel. Me seier av og til at ein eldre person er blitt "gamal og inntørka". Det er ikkje fint å seia slikt, men det kan



vera sant. Eldre som ikkje klarer seg heime lenger, får ofte eit nytt liv når dei har vore på avlastningsopphald. Dette kan ha med både kosthald, hygiene og andre helsemessige ting å gjera, men også eit betre inntak av vatn kan ha stor betydning.

Difor kan ein tommelfingerregel vera å drikka omtrent det dobbelte av det du har lyst på. Ei større undersøking i USA på soldatar viste ei stor betring i å halda ut fysisk og mentalt ved at dei drakk dobbelt av det dei normalt ynskte å drikka.

### DET GODE DRIKKEVATNET

Mjølkeforbruket er gått ned i Norge, medan forbruk av kolsyreholdige drikkar og mange typer fruktjuice har overtatt. Fruktjuice utan ekstra sukkertilsetning kan sikkert vera bra i passelege mengder, men i staden for den svært sukkerholdige brusen, ville større inntak av reint vatn i staden for brus vera betydeleg betre sett frå

eit helsemessig synspunkt. I motsetning til den svært sukkerholdige brusen som mange drikk til kvardags, legg ein heller ikkje på seg av vatn.

Nokre gode drikkeråd er:


1-2 glas vatn før frokost gir ein god start for mage, musklar, hjarte og hjerne.

1-2 glas vatn ein halv time før lunsj gir betre matmelting og roar ned appetitten. Det same kan ein tilrå for middag.

1-2 glas vatn før sengetid minst eit par timar før ein legg seg fyller lagra for natta, pluss at blæra blir tømt for sengetid.

*Kjelde for dei medisinske innslaga i artikkelen: "Artikkel av ernæringsfysiolog Per de Lange i avisa "Folket" nr. 12, 2000.*

## "Warzone"



### 2-4. juni 2000

av Lars Morten Kro



<http://awarzone.cjb.net>

<http://awarzone.cjb.net>

Første gang datahelga i Bokn såg lyset hausten -99, hadde me ikkje noko namn på arrangementet. Heller ikkje nå på vårparten var det ikkje noko namn å skryte av. Men nå, etter et lite planleggingsmøte er det komme fram til at "Warzone" er eit passande namn! Nå er det igjen klart for datatreff her i Bokn 2-4. juni, betre enn nokon gong før!!

Ja, så er det klart for datatreff på Bokn Skule, denne gongen under namnet "Warzone"! Me som arrangere det er blitt fleire, og det blir satsa meir på kvalitet enn tidlegare. Forrige gong var me ca. 20, men nå håpar me å bli mange fleire, og frå fleire aldersgrupper. Me komme til å ha Internett denne gongen, så kanskje det kan vere med å få fleire til å vere med? I alle fall så er treffet utvida med ein heil dag sidan det er langhelg, frå morgonen på fredagen, og heilt til ettermiddagen på søndagen.

Som tidlegare nemnt skal det bli meir kvalitet, og for å få det til har "crew'et" blitt utvida med 6-7 stykk, slik at det kjem til å bli meir orden. For at folk skal like seg vil det vere blant anna kiosk, og som tidlegare sagt Internett. Nettverket fungerte veldig bra sist gong, men det vil nok bli endå betre

denne gongen, fordi fleire hub'ar vil bli brukte. For å få det til å sjå litt betre ut. Skal leidningane gå langs bordene i staden for midt på golvet! I kiosken vil det bli sal av diverse hurtigmat, brus, og diverse.

For fyrste gong skal me reklamera for dette treffet i nabokommunane våre, og me håpar at fleire vil komma! Men det kunne godt vore fleire herifrå òg! For eksempel kunne dei som ikkje gjekk på grunnskolen lenger, men framleis var datainteressert, komme! Folk frå alle aldersgrupper er velkomne.

Som før er det Svein Erik Kro som er hovudarrangør, og det er framleis han som bruker mykje av fritida si på å ordne i stand til denne helga. Einnaste som blir lettare for han denne gongen er at han slepp å gjer alt arbeidet, noko som gjer at dette treffet kjem til å bli det fyrste skikkelige datatreffet!

**NB! Meir info vil bli hengt opp på offentlege plassar i kommunane over heile Haugalandet (Nesten!!)**



# GULLSPENNÅ SNART I PRODUKSJON

Tekst: Reidar Alvestad

## LIK ORIGINALEN

Spørsmålet om å få laga ei etterlikning av gullspenna frå Nedrebø på Austre Bogn er tidlegare tatt opp med finsmed Jon Rysstad ved Jærsmia. Det er han som har stått for arbeidet med ordførarkjedet, og i dette har ei etterlikning av gullspenna frå Nedrebø ein sentral plass framme på kjedet. Jon Rysstad har arbeidd vidare med ulike teknikkar for å kunna produsera ei etterlikning av gullspenna som folk eventuelt kunne få høve til å kjøpa. Det har vore problem med å få til ei form som får flest muleg detaljar i spenna fram. Han har laga ei gummi-form på grunnlag av den spenna som fins i ordførarkjedet, og i denne forma støyper han voksmodellar. Mangfoldiggjering skjer via voksmodellar som dannar grunnlaget for utstøyping i t.d. sølv.



Gullspenna frå Nedrebø er laga ein gong på 900-talet e. Kr. Framsida er rikt dekorert i ein av vikingtida sine karakteristiske stilar kalla Borrestil etter eit gravfunn frå Borre i Vestfold. (Foto frå Arkeologisk Museum i Stvgr.)

Jon Rysstad har vore hos ein av dei mest framtrekande sylvsmedane i Setesdalen for å få hjelp i dette arbeidet. Arbeidet ligg i eit grenseland når det gjeld å få fram alle detaljane ved støyping. Han seier nå at han er kome så langt i arbeidet at han snart vil senda prøve til kommunen, slik at det kan takast stilling til om det skal produserast slike spenner for vidare sal.

## HISTORIA VED FUNNET

Konservator Grete Lillehammer ved Arkeologisk museum i Stavanger skriv i "Frå Haug og heidni" nr. 3 1996 ei lengre utgreiing om spenna, og ein del av dette har eg brukt som kjelde. Spenna vart funnen på garden

Nedrebø på Austre Bogn i 1923, og ho vart oppdaga av ein gut og plukka laus frå ei vegskjering ved ein andedam. Ein meiner at fyllmassen til denne vegen var kome frå stor gravrøys mellom Øyren og Tåganen. Lokalhistorikaren Birger Lindanger meiner at gullspenna kan ha høyrte til innhaldet i ei grav som vart sett ned i gravrøysa i vikingtid. Dette er ei forklaring som har fått støtte frå arkeologar når dei har omtala den kunstferdige spenna. Andre forklaringar kan vera at det er eit tilfeldig funn eller ein eit funn frå ein bortgøymd skatt. Seinare vart gullspenna levert innpakka i ei gammal avis til museumsdirektør Jan Petersen ved Stavanger Museum. Synet som møtte den kjende vikingtidsforskaren då han opna pakken, beskreiv han seinare som ei av dei største stundene i sitt arkeologiliv.

## RIKT DEKORERT

Framsida på spenna er dekorert i tradisjonell nordisk stil. Mønsteret er m.a. pressa fram frå undersida, og på framsida er det stempla inn nye detaljar. Små gullperler er lodda fast i filigranteknikk. Midt på framsida er det ei fordjuping, og det kan tyda på at det har vore plassert ei glasperle der. Det er også fire mindre hol symmetrisk langs kanten, pluss andre mindre hol i spenna. Dette kan ha vore for å sy spenna fast t.d. på ei drakt, eller for å festa glasperler.

Gullspenna blir vanlegvis berre kalla "Bognaspenna". Det er eit praktfullt stykke metallhandverk som sannsynlegvis vart laga her til lands. Mønsteret er utført med stor kunstnerisk dugleik. Komposisjonen er symmetrisk og velordna, og er tre kors, to store og eit lite. Hovudmotivet er eit nettverk av fire maskeliknande hovud og fire dyreskapnader. For dei som ynskjer meir detaljert utgreiing av mønsteret, vil ein visa til "Frå Haug og heidni" frå 1996 som berre har innslag frå Bogn kommune sin arkeologi, naturhistorie og kulturhistorie. Det er til sals i Bogn kommune.

## TIL SALS

Når prøvane frå finsmeden er ferdige, er det meininga at ein skal ta stilling til om spenna skal produserast og kunna kjøpast, ev. bestillast, av dei som ynskjer. Det vil sannsynlegvis bli ei spenne i sølv, og kanskje ei i gullforgylt sølv. Spenna har ein diameter på rundt 8 cm, og er såleis ganske stor. Jon Rysstad meiner det må vera eit ypperleg alternativ som hovudsølje til bunad. Prismessig er det noko vanskeleg å seia kva det endar på, men i forhold til liknande ting i tilsvarande storleik, meiner me at det blir til konkurrerende prisar som for tilsvarande ting. Dette må me koma tilbake til. Så dersom det ikkje blir andre skjer i sjøen som ein i dag ikkje kjenner til, er det nokså sannsynleg at spenna vil bli å få tak i noko seinare på året. Når me veit meir om tidspunkt for ferdigstilling, prisar, m.v., vil me koma tilbake med meir informasjon.



# DEI GAMLE SJØHUSA

Tekst & foto Reidar Alvestad



## EIN UTDØYANDE RASE

Dette uttrykket brukar me av og til om saker og ting som er i ferd med å forsvinna frå jordas overflate. Og slik er det med dei eldre, fine sjøhusa som sto rundt omkring langs Bokn si 100 km strandline. Nokre samla i klynger og rekker på strategiske stader, ofte i ein våg eller ei vik som var lett tilgjengeleg både frå land og sjø. Eg er ikkje altfor godt kjend på alle desse stadene, og har nok fått med meg dei som er mest tilgjengelege og som kan oppdagast frå kjøreveg, men nokre stader har eg dessverre sett ei utvikling kor sjøhusa har ramla ned etter tur, og nå ligg i haugar med ei blanding av tømmer, kledning og takpanner. Gamle fiskeredskapar ligg som oftast også oppi denne haugen.



Den gamle habn i Alvestadkroken er eit godt døme på samling av fleire mindre sjøhus. Også på andre sida av habn ligg det eit tilsvarande. Fleire av desse sjøhusa høyrer til dei eldste i Bokn.

## UTAN TILSYN

Me veit at i nokre tilfelle er dei som eig sjøhus ikkje fastbuande på Bokn, og har ikkje så mykje sut for om det gamle sjøhuset rasar saman. Ein annan ting er at då desse sjøhusa vart bygde, var dei av ein heilt annan verdi for folk. Dei var sjølve livs- og inntektsgrunnlaget for mange. Utan fisk til mat og inntekter av fiskesal, ville mange ikkje kunna livberga seg. Difor er desse gamle sjøhusa berre blitt ein utgiftspost for mange.

## KYSTKULTUREN

Det me ikkje alltid tenkjer på, er at desse sjøhusa er ein viktig del av kystkulturen på våre kantar, kor fiske saman med jordbruk var sjølve forutsetninga for å kunna bu og overleva her. I dag er det så og seia ingen som driv med det me før kalla småfiske frå eigen liten båt.

Mange held sjøhusa sine ved like, men det er også fleire som lar dei rasa ned. Ingen kan seia så mykje på dette, men det er synd både for landskap, bygningshistorie, kulturhistorie og dei materielle verdiane som går tapt.



Ei gruppe på tre gamle sjøhus innerst i Grønnestadvågen. Dei ligg skjerna for vind og ver, og i dei to næraste er det nedlagt eit stort og fint arbeid med muring av naturstein.

## KUNSTVERK I STEIN

Ein ser både av biletet ovanføre og nedanføre at mykje av bygningskroppen, murar og brygger oftast er sett opp av stein. Dette er eit arbeid som ikkje kunne gjerast av kven som helst for å bli vellukka. Men fordelene med dette var mange. Materialet var gratis, det var svært haldbart og vedlikehaldsfritt, men krevde arbeidsinnsats.




Sør for Tåganer er det brukt mykje fin murestein. Her ser du den lange, høge steingarden frå vegen og ned til sjøhuset. Dei har hatt god tilgang på god murestein og dyktige murarar.




## STØRRE SJØHUS

Det var helst dei som dreiv næring i større målestokk tilknytte fiske, som sette opp større sjøhus. Eit godt døme er det store sjøhuset i Krovågen som hørde til Larsen-familien i det store herskapshuset.



Herifrå det store sjøhuset til Larsen-familien i Krovågen vart det skipa ut store mengder sildetønner i glanstida. Oppe er det ennå eit rom som blir kalla "kontoret". Dette er sannsynlegvis eit av dei største sjøhusa på Bokn.



Steinar Alvestad sitt sjøhus frå 1914 er også eit av dei eldre, store sjøhusa i Bokn, nå restaurert og ombygd/påbygd. Saman med sjøhusa nordover i same rekka, vart desse brukt i samband med dei større fiskeria.



## TILBAKE TIL DEI MINDRE

Nederst på føregående side ser du tre gamle sjøhus i ei klynge på Hognaland. Dei ligg idyllisk til, og ser du nøyare etter, finn du ut at det er lagd ned eit utruleg stort og fint arbeid i stein i form av hellelegging, murar og brygger. Sjøhusa i seg sjølv er tilpassa natur og bergnabbar ved at t.d. eit hjørna er kutta – slik at det blir passasje forbi. Altså ekte handverk tilpassa tomt og natur.



Fine eldre sjøhus i Krovågen. Utsikt opp mot "Bygningen"




Vestre Arsvågen har også sine sjøhus som ligg sør for kaien. Typiske vestlandsbåtar ligg ved kai og sjøhus.

## MANGE FLEIRE

Dette var på ingen måte noko oversikt over alle sjøhusa på Bokn, men eit utval av ein del som ennå står oppreist. Men mange andre gode og fine sjøhus finns, men også nokre av dei eg var framom var falleferdige. Det er å håpa at fleire får auga opp for den kulturskatten som held på å gå tapt. Det gjer noko med særpreget til Bokn når desse gamle kulturminna forsvinn.'

Ei løysing for nokre har vore at dei har bygd om og innreidd hytter. Dette er i nokre tilfelle vellukka, men det er også ein ny bruk som krev godkjenning av bygningsstyresmaktene.





# Minimix'ane i Bokn

av Lars Morten Kro



Bokn si glanstid, der det var fotballag for nesten alle aldersgrupper, er over. Nå er det berre Minimix'ane, og A-laget igjen. Trenaren til minimix-laget, Kjetil Hamre, er godt likt av ungane. Og hans heilt spesielle treningsopplegg gjer treningane både spennande og morosame! Her er ikkje det å vinne det viktigaste, men det å ha det gøy!!



Her er nokon av gjengen: Oppe frå venstre: Wilhelm, Andrej, Lars Andre og Kristiane. Nede frå venstre: Anders, Vegard, Vidar, Alexander og Daniel. Liggande frå venstre: Henrik og Martin



Her er det om å gjere å treffe Kjetils bakpart, noe som han kan vere glad for, sjeldan hender.

Treninga starta med "oppvarming", eller rettare sagt; "gjer kva du vil berre du blir varm"! I alle fall: Dei sprang og skaut på ball ei god stund! Etterpå var det skottrening, og som sagt var det Kjetil som var målet! Og heilt til slutt kom det alle gleden seg mest til: Kampen! Det blei delt inn i to lag, men mange protesterte for" han var med på det laget", og "dei har alle dei gode"! Men dei roa seg ned, og gjekk til kvart sitt mål og samla seg i ein ring. Dei gjorde eit slags heiarop, og stilte seg opp på banen. Det var klart for kamp!

Spillet var ganske rolig i byrjinga, men det


Minimix'ane er som sagt eit av dei få laga i Bokn som fungerer godt. Det er nok av spelarar, og dei syns det er kjekt å spele fotball. Med det spesielle opplegget til Kjetil Hamre, er det ikkje rart at det er gøy! Smila var mange då Kjetils bakende var mål, men til alles skuffelse blei det ingen fulltreffarar, men mange var ganske nærme!! I tillegg til å vere flinke i fotball, som mange av dei er, var alle svært fotogene! Dei var meir enn villige når spørsmålet om oppstilling til bilde kom i lyset!

Som sagt er Kjetil Hamre trenaren, og som sikkert alle veit liker han å vere blant ungane og han syns spelarane er ein flott gjeng for det meste! Han liker å trene, men må kanskje slutte, for han har problem i knea. Men han vil halde ut så lenge han klarer.



Her har Henrik finta ut Alexander, men Linn kommer hoppande til unnsetning! I bakgrunnen kan du sjå fleire som vil hjelpe!!





En "Sigersdans" måtte dei gjere etter kvart mål, og for dette laget blei det mange "dansar"!!

"Kor er spissane" måtte Kjetil seie meir enn ein gong! Men dei fleste hadde det kjekt, og det er jo det viktigaste! I den alderen dei er i kan ein ikkje tenke så mykje på taktikk, plassering på banen o.s.v. Kampen var heldigvis for dei som tapte, berre ein treningskamp!

Det er altså veldig mange små som spille fotball, faktisk så spille dei fleste gutane i småskulen! Men det er ikkje så mange jenter, og grunnar til dette kan vere så mangt. Ein grunn til det er kanskje at det ikkje er noko A-lag for damer, for det kunne kanskje vore med å vist at fotball ikkje er ein "guttessport", men heilt klart ein sport for jenter! Det er jo fleire jenter som spele eller har lyst til å spele, men dei er for få, derfor må dei reise til nabo-kommunen, noko som er litt dumt.

Det er altså moglegheiter i framtida, for det "kullet" som veks opp nå ser ut til "vere" fotball frå topp til tå! Dei spele fotball i kvart eit friminutt i tillegg til treningane, noko som viser at ingen er blitt leie ennå! Ja, framtidsutsiktene ser ut til å vere positive, men det er på gutane si side. Jentene har ikkje så mange å sjå opp til her på Bokn, sjølv om det ikkje er den heile og fulle grunn til set, så er det i alle fall med å spele inn ein god del.

Kjetil Hamre minimix'ane sin trenar, er flink med ungar, og veit korleis han skal gjere for at dei skal ha det så kjekt som mogleg. Hans spesielle måte å trene på, har slått gjennom, og ungane syns han er ein kjekke trenar!



Et siste bilde av den fotballspillende gjengen!

## Interwju med ein spelar på laget:



*Namn: Vegard Øvrebo  
Alder: 8 år*

*1: Kva er favorittporten din?*

*-"Fotball er kjekt, men viss eg kunne velje ville eg drive med skiflyging."*

*2: Kva syns du er kjekkast av kampene og treningane?*

*-"Kampene er kjekkast, for det er meir ekte."*

*3: Kvifor eit fotballag er favoritten din?*

*-"Liverpool, for fotballidalet mitt, Michael Owen, spele der!"*

*4: Kor langt vil du gå som fotballspelar?*



*-"Eg vil bli kjempegod, og spela for Liverpool!"*

*5: Korleis er trenaren dykkar, Kjetil?*

*-"Han er ein kjekke og flinke trenar!"*







## SKULEUTBYGGINGA I BOKN

Det er nedsett ei plannemnd, og det er sett av pengar på budsjettet. Men kva skal ein byggje?

Eigentleg starta skuleombygginga i 1991, med delvis ombygging av varme- og ventilasjonsanlegg, med nye undervisningsrom for barnesteget, nytt naturfagrom, nytt inngangsparti med handikaptalett og ny administrasjonsfløy. Det blei brukt nær 4 millionar, men då heimkunnskapen skulle oppgraderast, og forming, musikk og ungdomssteget få sitt, blei det stopp. Det var i 1994. Så har det stått stille til 1999. Då blei det sett av 5 millionar på å gjere ferdig resten.


Men skule- Noreg har endra seg på desse åra. Ombygginga i 1990 blei gjort innafør svært tronge rammer, både økonomisk og når det gjeld areal. No har skulen fått ny læreplan med nye krav til undervisningsform, skulen har fått ein miljøforskrift som skal trygge elevane mot dårleg arbeidsmiljø, Bokn har fått ein kommuneplan med spenstige tankar kring skulen sin plass i lokalsamfunnet, og med idear som formannskapet har tatt tak i om korleis ein skal få folketalet i Bokn til å auke.

I år 2000 er beløpet auka til 15 millionar, men framleis er det ikkje avgjort nøyaktig kva ein skal byggje? Formannskapet, driftsstyret og plannemnda ville ha hjelp til å finne svar på dette spørsmålet. Politikarar og administrasjon, til saman 13 deltakarar, la ut på dagstur for påske til 4 skular i sørfylket. Skulane var alle nye, eller nyleg bygd om, og kvar skule hadde sitt særpreg.

Høle skule i Sandnes kommune er ombygd ein rekkje gonger. Den har folkebibliotek i underetasjen, skulebibliotek oppe, og har utvida undervisningsarealet gjennom ombygging og påbygging. Det er reist eit nytt samfunnshus som skulen brukar til gymnastikk. Sidan Høle er eit bygdesamfunn på ca 1000 innbyggjarar, var det lett å samanlikne.

Dei andre skulane var vesentleg større enn Bokn skule, men storleiken på skulen kjem helst fram i talet på klasserom. Spesialromma blir mykje dei same uansett. Klasseromma varierte ein del, men det er vel rett å seie at det gjekk mykje i rom på rundt 60 kvadratmeter, med grupperom i tillegg.

Håland skule i Sola kommune hadde ikkje berre dei romma dei trong i dag. Dei hadde tatt med ekstra rom slik at dei kunne møte framtidig elevtalsauke utan å bygge ut. Spesielt på denne skulen var elles musikkrommet som var bygd som eit auditorium med sitteplassar på "trappetrinn" oppetter. Ein fin sal til samlingar, elevframsyningar, film og video etc.



**Delegasjonen frå Bokn lyttar til rektor Ruud på Håland skole**



**Musikkrommet på Håland skole var imponerende**



Lassa og Teinå skular i Stavanger var begge heilt nye. Lassa skule var bygd i høgda sidan dei hadde liten plass, Teinå på ein flate. I begge skulane kom ein meste direkte inn i skulebiblioteket som var stort og luftig. Spesielt Teinå gav inntrykk av luft og plass, ein skule ein fekk lyst til å ta i bruk.



**Ein gløtt frå inngangspartiet på Teinå skole med nedsenket samlingsplass, scene bak foldevegg til høgre og gangareal og skulebibliotek innover i bildet**

Kva deltakarane fekk med seg som kan bli nyttig for Bokn skule? Det vil tida vise, inntrykka er sannsynlegvis så mange at ein treng tid. Skuleutbygginga er etter mange si meining den viktigaste byggesaka kommunen har for framtida. Då er det rett å ta tida til hjelp slik at ein sikrar at det ikkje blir raske og lettvinne løysingar.



**Inngangspartiet på Lassa skole med skulebibliotek. Rektor Knutsen i bakgrunnen**

Arkitekten og skulepersonalet har det siste året jobba med ulike idear og skisser. Første og viktigaste steget blir å finne fram til ei ideskisse pedagogar og politikarar har tru på.

*Dag Halvorsen*

## A-LAG KAMPAR PÅ BOKN STADION

**Lörd. 27. mai kl. 15.00 – BOKN – SKJOLDAR**

**Tirs. 20. juni kl. 19.00 – BOKN – VEDAVÅG 2**

**Fred. 30. juni kl. 19.00 – BOKN – VATS 94**

**Lörd. 5. aug. kl. 15.00 – BOKN – SULDAL**

**Fred. 18. aug. kl. 19.00 – BOKN – SVEIO**

**Lörd. 2. sept. kl. 15.00 – BOKN – SKÅNEVIK**

**Lörd. 16. sept. kl. 15.00 – BOKN – SKJOLDAR**





# NÆRINGSGRUPPA PÅ BOKN SKULE TIL FORSAND

## På besøk hos Vestlandets første skjellmottak i Lysefjorden.

Av Mustafa Duale

Dette er ein forsknings og utviklingstasjon for mottak av ulike typer skjell.

Havbrukseksperter hevder at skjell i framtida kan bli mins like stor næring som laks er i dag, og kanskje på høyde med oljen.(all havbruk)

Det ventes ein produksjon på minst 900 tonn skjell kvart år, først og fremst gjeld dette blåskjell som er lettere å stelle og å holde i live enn andre skjell. Europeiske land som Frankrike treng mykje skjell som dei ikkje greier å produsere sjølv, dei et meir produkt av skjell enn av atlantisk laks.

Ein har arbeidd i mange år for å få til kommersiell skjelldyrking, uten at det har lukkast i særleg grad. Sjølv om forskinga er på babystadiet, har nå sterke aktører med kapital begynt å interessere seg for den "nye" næringa.



Havbrukskompaniet A/S !  
Næringsgruppa og Magne Oftedal på skjellmottaket i Forsand.

## Rogaland Marine senter.

Av Eivind Eikje


Me - næringsgruppa på Bokn skule var den 15.3.00 på besøk hos Rogaland Marinesenter, der dei driver oppdrett av kveite. (Kveite er ein flyndrelignande fisk.)

Dei kjøper kveiteyngelen av eit klekkeri i Austevoll.

Så forer dei opp kveiteyngelen til den er gammal nok til å bli sett i sjøen. Dei blir så i sjøen til dei når ei slaktevekt på ca. 4 – 6 Kg.

Når kveita lever ute i det fri kan den bli opp i mot 200 kg. Da er den normale fargen brun/svart. Mens når dei lever i fangenskap derimot, er dei fleste fiskene kvit/grå på grunn av feilpigmentering. Det er normalt at kveita ser ut som ein vanleg fisk i begynnelsen, så vandrar det eine auga rundt frå sida til det andre auga, og fisken blir slik at kveita blir liggjande på magen.

I fangenskap skjer ofte det at auga ikkje vandrar, men fisken blir likevel flat. Konsekvensen blir den at det auga som er på undersida blir filt av når kveita sym langs botnen. Dette er ting som fortsett er på forskningssta-



Oppdrettsanlegg med Lerang forskningsstasjon i bakgrunnen.

diet og som forskarane jobber med å finne grunnen til. Oppdrett av kveite er i ei spennende utvikling, og besøket på Rogaland Marine Senter var svært interessant.

## Lerang Research Station

Av Lars Martin Hosaas

Næringsgruppa på Bokn Skule besøkte Lerang Research Station i Forsand den 15.3.2000. Me fekk ein flott omvisning på stasjonen av stasjonssjef, Ove Martin Grøntvedt, som fortalde om Nutreco konsernet og om arbeidet dei dreiv med på stasjonen.

Denne stasjonen er eigd av Nutreco, det same selskapet som no truleg kjøper opp



anlegga til Hydro Seafood, og Nutreco vert dermed eit av dei store selskapa innan oppdrett i Noreg.

På Lerangstasjonen dreiv dei forsøk med ulike vekst-vilkår på yngel, smolt, og vaksen fisk, både regnbogeaure og laks. Sidan Skretting er ein del av dette konsernet er ein del av forskninga retta mot ulike forsaman-setningar og foringsteknikkar.

Vi fekk også vera med i båt ut til matfiskanlegget og fekk omvisning der.

Det var 11 tilsette på denne 10 år gamle forskningsstasjonen. Stasjonssjefen som viste oss rundt var veterinær av utdanning.

Vi fekk ein lærerik omvisning på eit flott anlegg, og til slutt skreiv vi oss inn i gjesteboka.



Oppdrettsgruppa saman med stasjonssjef Grønstedt utanfor hovedinngangen til Lerang forskningsstasjon.

## TAKK FOR KULTURPRISEN

Det var med stor takksemd, men også med audmjukheit, me tok i mot Bokn kommune sin kulturpris for 1999 på speidarfesten den 7. April. Me vart umåteleg glade for den stor æra, for det fantas-tiske vakre kunstverket og for dei fine orda frå ordføraren. Diplom og maleri har sjølvsagt fått hei-dersplassen i stova vår. Men det som kanskje varma hjartene våre aller mest, var at det var for frivillig kristent arbeid blant barn og unge at prisen vart tildelt.

At kommunen sine politikarar har sett positivt på slikt arbeid, har me hatt kjensle av før og. Men dette overgjekk alt. Samanlikna med andre kommunar har Bokn vore særskild rundhanda med den økonomiske støtte, og med anna tilrettelegging.

Ja, sant og visst, det var stor stas, men kjenslene våre er litt blanda. Det er så mange andre som og gjer stor innsats. Me har hatt mange kollegaer både i speidaren og sundagsskule og andre samanhengar. Hadde det ikkje vore for dei medspelerane, hadde me ikkje fått til så mykje. Og i idrett og musikk-liv og anna er det og mange trufaste sjeler som gjer

mykje godt for dei unge.

Men er det noko betre me kan bruka noko av tida vår til? Me har tru for at tid, med meningsfullt innhald, er det beste me kan gi borna våre. Det er som ei investering. "Lær guten den vegen han skal gå, så vik han ikkje av når han vert gamal", står det i Ord-språka 22, 6. Og så er ungane det einaste me kan få med oss frå denne verda.

Det er slett ikkje berre eit slit å vera saman med ungane. Me får vere ute i skog og mark, leike som ungar, oppføra oss som ungar, gleda oss som ungar. Me er ofte meir opplagd når me kjem heim etter eit ulve/meisemøte, enn me var før me gjekk. La oss kalla det VELSIGNELSE.

Igjen, takk for den fine prisen.

Helsing Solveig og Leiv Våga



# Du kan lovlig benytte naboens private strand

På oppfordring frå ein lesar, tar me med eit utdrag frå Allemannsretten som ein finn i Frilufslova.

INGEN NÆRGRENSE: Så lenge eieren av eiendommen ikke kan se deg, er det ikke noen grense for hvor nærme du kan gå huset hans. Men du har ikke lov til å gå på gressplenens hans

IKKE PÅ BRYGGEN, MEN GJERNE LIKE VED: Allemannsretten gir deg ikke rett til å bruke en privat brygge. Men du kan godt oppholde deg tett inntil bryggen, så lenge du ikke er til sjananse for eieren.



HVA NÅR EIEREN KAN SE DEG? Selv om eieren kan se deg, har du lov å spasere over naboens strand. Høyesterett har tillatt at du kan gå over strender så nærme som 65 meter fra huset.

GJØR DEG USYNLIG HVIS DU SKAL BADE: Du kan bade fra strand og svaberg så lenge du ikke er synlig fra eierens hus. Når eieren selv bruker stranden, må du flytte deg ut av syne, for eksempel bak et svaberg.

## Allemannsretten lar deg nyte naturperler ved sjøen selv om du ikke er hytte millionær.

Med loven i hånd kan du vandre over private strender og bade fra svaberg selv om det er andre som eier eiendommen. Betingelsen er at du ikke er til "utilbørlig sjananse" for dem som eier grunnen. Allemannsretten som du finner i frilufsloven, gir deg lov til å ferdes fritt i utmark. Husk at du må bruke allemannsretten varsomt, for du går tross alt på annen manns eiendom. Din ferdsel skal være hensynsfull og med "tilbørlig varsomhet", står det i frilufsloven. Dette kan enklest oversettes

med Kardemommeloven: *Du skal ikke plage andre, du skal være grei og snill – og for øvrig kan du gjøre som du vil.*

Husk på at eieren skal få bruke eiendommen sin i fred. Du kan ikke *trø eieren for nære*.

Eieren kan be deg gå vekk fra eiendommen hvis du er til sjananse. Men, du må faktisk være til sjananse. Du må gå hvis eieren skal bruke området du er på, men følger du frilufsloven, kan han ikke kaste deg vekk fordi han ikke vil ha fremmede på eiendommen sin.

Kilde: "Dine Penger" nr. 8, 1999



**Vi er nå inne i en periode med mye negativt i trafikken og det meste av dette "tilhører" ungdommen.**

**Hvem av dem er det som tror de er udødelige, og hvorfor vil en del følge "oppskrifter" på "Russisk rulett"?**

- \* Ungdomsulykkene er i sterk økning, noe som har ført til at vi i Rogaland hittil i år har en eneste stor tragedie når det gjelder trafikkulykker så langt i 2000.
- \* Hvem av ungdommene er det som føler slik stor trang til å teste ut biler og fart? Hvem har lært dem at det er politiet de skal lure? Egentlig lurar de seg selv, med den store risikoen for at ulykker skal skje.
- \* Slik en del av ungdommen kjører i dag, er risikoen for å bli drept omtrent som ved Russisk rulett. Det går bra en stund, men sjansen for at det alltid skal gå bra er minimal, og en dag skjer tragedien.
- \* Får de unge den faglige kvaliteten som er nødvendig for at de skal bli trafikk-sikre, og får de nok trening før de selv skal beherske den dødsmaskinen som en bil kan være, og dessverre ofte blir.

Ungdomsulykkene er på veg rett til værs, både dødsulykker og skadde. Vi spør hva dette skyldes, er det en trend i tiden, er det videofilmer og "makabre" spill, eller er det informasjon de finner på Internett der de rett og slett blir oppfordret til denne dødsleken?

Hvis det er slike oppfordringer de unge ønsker å teste seg på, vil vi gjerne spørre hvilke ungdommer er det som er så lettlurte? Er det noen som tror de imponerer andre med en slik dødslek, eller er det svake sjeler som kanskje ikke har noe bedre å vise til?

Skulle det være ungdom som tror at de skal lure politiet på denne måten, tar de dessverre svært feil. Det er seg selv de lurar, fordi dette er rene dødsleken, de kunne like gjerne deltatt i Russisk rulett. Da hadde det i allefall kun gått utover dem selv. Mens, i ekstreme tilfeller som "Noen som tror de er kjempeglupe" oppfordrer til, kan de som prøver seg drepe både venner og uskyldige i andre biler som de møter.

**Oppfordring til de unge.**

Opplyste, intelligente og modne ungdommer i dag kan selv ta et valg, uten å la seg påvirke av Internett-sider som oppfordrer dem til å bli masse mordere, eller at de skal påvirkes til å lure politiet. De fleste ungdommer forstår hvilke konsekvenser dette kan få for dem i ettertiden, enten de selv blir drept i en slik fart eller dreper andre.

Allerede er det nå 8 ungdommer mellom 15-24 år i Rogaland som er drept i trafikken i år, og vi frykter at minst like mange skal miste livet i resten av året. Jeg oppfordrer både de unge selv og foreldrene, de unge må ta ansvar for eget liv som fører av et kjøretøy, og for andres liv både som deres passasjerer og de møtende trafikantene.

Skulle dere komme opp i en slik tragedie, vil det forfølge dere resten av livet. Det er nok av folk å spørre hvis dere ikke tror at dette er sant.



## ANNONSEPRISAR

Heilside 500,-  
Halvside 300,-  
Kvartside 150,-  
1/8 side 100,-  
Privatann. 30,-  
Fastann. etter avtale

## *Amoramica*

Keramikk og messing

Er du interessert i en demonstrasjon,  
ta kontakt med Torunn Bokneberg.  
Tlf. 52 74 82 84

*Du er velkommen med gratis takke -  
annonse i bladet !*

## SIMO CLASSIC

Blå bagvogn til salgs  
Tlf. 52 74 83 63



*Hjertelig takk for oppmerksomheten  
ved vår mor Borghild Boknebergs  
bortgang.*

*En spesiell takk til personalet ved  
Bokn sjukestove for god pleie.*

*Barna.*

*Tusen takk til alle som hugsa meg på  
60 års dagen !*

*Hilsen Thor Jøsang*

*Hjartelig takk til alle som hugsa oss  
på våre 60 års dagar !*

*Hilsen Ingebjørg Alvestad  
og Kari Are*

## MAT & PRAT

Neste Mat & Prat blir  
onsdag 14.06.



KIRKENS  
NØDHJELP  
Sammen for en  
rettferdig verden

### FASTEAKSJONEN 2000

Til Kirkens nødhjelp blei det i år samla inn  
kr. 12.963,-  
Ei stor takk til konfirmentane og til alle som  
gav !



# KAMPEN OM VIKINGSKIPET

Kvelden, laurdag den 8. april, var det folksomt ute mellom knausane i Loten. Over 200 speidarar frå Husnes og Stord i nord, Skjold og Vats i aust, Veia i vest og Bokn i Sør, deltok i Kampen om Vikingskipet. Tidlegare var det berre naboene, Tysvær og Våg, som var beden med på den årlege nattpatruljeringa som boknaspeidarane for femte året skipa til. I høve 10-årsjubileumsfeiringa vart dette året heile Haugaland krets av KFUM- og KFUK-speidarar inviterte. Og som talet ovanfor syner, vart tilslutninga overveldande. Kvifor dette navnet på konkurransen? Første gongen vart den halden i Kongshavn. Då var det naturleg å tenkje på slaget som stod der for ca. 1000 år sidan. Og vandretrofeet som vart sett opp som premie, var eit vikingskip i tinn.

I konkurransen får speidarane prøva sin allsidigheit. Dei skal kunna litt av det meste, slik at dei kan vera rusta til å takla ymse situasjonar i livet.

Rundt om i eit eigna terreng vert det lagt ut bemanna og ubemanna postar med oppgåver.. Dette året hadde me ca. 50 stk. Det kan vera oppgåver frå speidarprogrammet som knutar ogurringar, sikkerhet og fyrstehjelp, kristendom og speidarlov, naturkunnskap og friluftsliv, opptrinn og framføring osv., men ellers alt mulig som for eksempel å vaska golv og tørka støv, stryka klær og stoppa sokkar, mjølka ku, ri på hest, skifta hjul på bil.

På ein sentral som me kallar banken, denne gongen


huset vårt, som denne kvelden var forlenga med eit telt på 100 kvadratmeter, vel patruljene postar. Kvar post har eit kodenavn, slik at dei veit ikkje heilt kva dei går til. For eksempel på "Huset med det rare i" skal

patrulja vaska golv, tørka støv og vaska opp. På posten "Gamle Svarten" skal dei sala opp og ri ein hest, "Ikke Hotel Cæsar" er oppgåve i kristendom. For å delta på posten må dei betala ein sum Vikingdollar, spesialtrykka pengar. Vert oppgåvene løyst på ein god måte og viser speidarane fin oppførsel og godt samarbeid, kan dei meir enn dobla beløpet. Konkurransen varer ca. fire timar. Den patrulja som har flest pengar har vunne.

Etter konkurranse og premieutdeling overnatta alle på Bokn, dei fleste i telt på Kleivå, men og ein del på Bokn bedehus. Sundags morgon samla så alle seg til speidargudsteneste i Bokn kyrkje med Finn Bårdsen som prest. Endeleg vart det sett punktum for jubileumsfeiring og konkurranse med ein delikat "kyrkjefrokost" på skulen for ca. 250 speidarar.

Det meste av æra for desse vellukka jubileumsdagane skal roverane og rangerane (speidarungdomane) på Bokn ha, det beste R/R laget langt utover Haugaland krets.

Helsing Leiv



**BOKN KOMMUNE**  
**SEKSJON TEKNISK**  
**5561 BOKN**

## SOMMERVIKAR VED SEKSJON TEKNISK

Bokn kommune ved seksjon teknisk har følgende ledige stillinger i sommer:

- **Gartner på kirkegården (klipping og parkmessig vedlikehold) 15t/uke Tidsrom 05.06.-15.08**
- **2 medhjelpere i seksjon teknisk for perioden 13.06-11.08 (utendørs maling og parkmessig vedlikehold+annet forefallende arbeid)**

Stillingene kan eventuelt deles av flere personer. For alle stillingene gjelder at søker må være fylt 18 år.

**Søknadsfrist: 31.05.00**

**Kontaktperson: Hans Erik Lundberg, telefon 52752506**



# Klubbkveld !!!

Tekst & foto: Ann Kristin  
Grønnestad

Den 29. April dro en opprømt ungdomsgjeng til Haugesund, enten i drosje eller i privatbil. Vi talte 23 unge, og 4 ikke fullt så unge sjeler som skulle til "Bowleren" i Haugesund. Fra klokken 20.00 til 22.00 hadde vi leid syv bowlingbaner i alt, og vi skulle være cirka fire personer på hver bane.

Da vi planla denne turen, fant jeg ut at jeg ville ha en form for depositum fra de som meldte seg på. De måtte betale 50 kroner, som de skulle få igjen når jeg var sikker på at de virkelig var med på turen.

Vi kom frem og en del av den yngre garden styrtet bort til spilleautomatene som var på stedet. Dette var tydeligvis en fristelse de ikke klarte å motstå. Mange av ungdommene ble plutselig veldig ivrig etter å få "lappen" sin igjen med en gang de var kommet inn døren på "Bowleren".

Lederene som var med hadde meldt seg frivillig, og det setter jeg stor pris på. Det er godt og trygt å være flere voksne sammen, ikke minst når vi skulle til byen på en lørdagskveld! Derfor vil jeg denne gang rette en stor takk til Kerstin Andersen, som var sjåfør for en av bilene som kjørte bort, Gunn Grønnestad kom og hentet.

Christine Berge, og Jerd Enge Bratland, var begge med hele kvelden. I tillegg møtte Anette, som er lærling hos oss, opp på "Bowleren". Så vi var godt bemannt, i tilfelle noe skulle skje. Tusen takk til dere alle sammen!



Christine Berge, Anette Årvik og Jerd Enge Bratland på Dolly Dimples

Ti over åtte var alle kommet i gang med de mer eller mindre *elegante* "kulekastene" sine, og du hørte en del "Å nei!", og "Yess!" bortover gulvet. Vi hadde det kjempemorsomt, og lederne (som hadde en bane for seg selv), fikk ofte besøk fra de andre banene.

Ingen kuler ble kastet bakover (i hvertfall ikke så veldig langt), og ingen ble skadet. Høyeste poengsum stakk Tor Inge Sæbø av med (161 poeng), og slo altså undertegnede med tre usle poeng!

Det eneste som trakk ned stemningen, var når en av jentene fant ut at hun enten var blitt frastjålet eller hadde mistet lommeboken sin. Den har hun enda ikke funnet igjen, og det synes jeg var veldig leit. Og da vi skulle gå fra bowlinghallen, var en av jentene blitt frastjålet jakken sin, som hadde ligget i bilen.

Det er jo ikke så mye å gjøre med, men det var dårlig gjort av den som stjal jakken, og ekstra leit for hun som mistet yndlingsjakken som hun fikk til jul i fjor.



Ungdommene koser seg med gratis pizza og brus.

De fleste ungdommene gikk bort til "Dolly Dimple", hvor vi skulle spise pizza. Maten smakte, alle ble gode og mette, og et glass brus fikk de også med. Maten gled ned på høykant, så vi fikk en del tid til overs før drosjen kom for å kjøre oss hjem. Derfor ble vi stående i Haraldsgata og bare kikke på alt det rare som skjedde rundt oss. Alt i alt tror jeg nok at ungdommene var godt fornøyd med en "helaften" på by'n, som i tillegg var fullstendig gratis.



Jeg har allerede fått spørsmål om vi ikke kan reise til Haugesund neste gang det er klubbkveld, men det tror jeg nok ikke blir med det første. Den 27. Mai er neste kveld, og den blir på skolen, som vanlig. Jeg håper jo at dere ungdommer kommer for det?!

Hilsen Ann Kristin



Gjengen på Dolly Dimples!

## BOKN BÅTFORENING

Bokn Båtforening skal ha bøsseinnsamling for Redningsselskapet mandag 5. juni.



Redningsselskapet er ein humanitær organisasjon som arbeider på ideelt grunnlag. Heile døgnet året rundt er dei 35 redningsskøytene i beredskap, klare til å hjelpa deg eller nokon du er glad i. Meir enn 350 millionar kroner må årleg skaffast for å kunna driva dette viktige arbeidet. Bokn Båtforening kjem rundt med bøssene frå kl. 17. Ta godt i mot dei!

.....

Bokn Båtforening trenger gamle bildekk. Har du noen som du vil bli kvitt, kan du kontakte Trond Vatnaland, 52 74 86 48 / 90 69 43 50 eller Arild Nilssen, 52 74 86 19.

Foreningen har fått laga T-skjorter med egen logo på. Dei selges for kr. 125,- pr. stk.

-----

Arrangementer i distriktet som kan være av interesse for båtfolk og andre interesserte:

- Båtmesse i Tananger 27-28 mai.
- Kvitsoydagane 9-10 juni.
- "Ta sjansen" i Vågholmen (Humraparken) 17. juni.
- Slusedager, Skjoldastraumen 23-24 juni.
- Borgøydagen 25. juni.
- Skudefestivalen 28. juni
- Marknadsdag, Krojen 8. juli.
- Stjernerøymarknaden 15. juli.

Kaffetrakteren er nå på plass, så på søndagene frem til båtsesongen starter har vi kaffeslabberas fra kl 11.00 til 12.30 på sjøhuset til Egil Ognøy i Alvestadkroken.

For medlemskap i Bokn Båtforening ,  
kontakt Espen Alvestad,  
telefon 52 74 86 43.





# Petra fritidsklubb

## informerer



Tekst og foto: Ann Kristin Grønnestad

Styret i Petra bevilget seg en "kveld på by'n" den 12. april. Vi hadde reservert to baner på Sheiken bowling og biljard, og som dere ser på bildet, storkoste vi oss. Etter tre runder med bowling, med enkelte kast rett i renna og noen striker, var det ikke fritt for at all kastin-ga kjentes godt i armen. Dessuten var visst gjengen sul-ten, for det rumlet i kor rundt meg. Ungdommene had-de tydeligvis gledet seg til måltidet vi skulle ha på Dol-ly Dimple!



Svenn Erik, Hanne, Øystein, Vegar og Henriette på Sheiken Bowling

Det å være med i styret til Petra, medfører jo litt ansvar og forpliktelser (ikke at dere har vondt av det!), og de fem ungdommene har vært så flinke og greie å ha med og gjøre, at de fortjente en belønning for strevet. De hadde det morsomt og ga uttrykk for det, og hva er vel mer morsomt enn spontan glede og engasjement!? Dere fem i Petra-styret: Dette må vi gjøre igjen!

Vi hadde med oss en av de foresatte til Petra-styret, Trine Grønnestad, og vi vil takke henne hjertligst for at hun ble med, det var kjempekoselig! Når anledningen først er her, vil vi også si tusen takk til de andre fore-satte. De må nok kanskje stille opp en del mer enn foresatte uten barn i styret.

På Petra går det meste sin vante gang, ungdommene satte pris på det fine været vi har hatt, og har vært mye utenfor og herjet av seg litt energi. Helt greit for oss som syns at lydnivået inne av og til blir for høyt.

Noen spesifikke planer fremover, har vi i grunnen ikke. Det blir for det meste vanlige Petra-kvelder, men kanskje styret kommer på noe, eller de får forslag fra andre unge om noe vi kunne gjort på klubben??

En fremtidsdrøm vi har, er jo å få et par (gjærne brukte) datamaskiner til bruk på Petra, som kunne blitt brukt til å spille spill på, og som ble koblet til internett. Under-tegnede har allerede vært i kontakt med Staoil, Kårstø, men de kunne ikke hjelpe. Kanskje er det noen av dere som leser dette som har tips om hvor vi kunne hen- vendt oss, for å spørre om brukte datamaskiner som skal hives eller selges billig?

En gang i begynnelsen av juni blir alle som går /kan gå, og deres foresatte invitert til fellesmøte på Petra, hvor alle som ønsker det kan komme med saker og syns-punkter. Derfor vil jeg oppfordre dere allerede nå, til å tenke over eller formulere spørsmål /kritikk eller annet. Egen innkalling til møtet vil komme i posten litt senere.

Ellers må jeg få skryte veldig av vaktene som har vært i det siste. Det har vært to vakter hver kveld, og de har sittet til siste slutt! Det er bra! Flott innsats, vi håper dette fortsetter!!!

Kontortiden min er som før: 10.00-12.30 hver onsdag, tlf: 52 72 25 12.

Vi vil også gjerne få takke for alle de flotte møblene vi har fått!

Da gjenstår til slutt å ønske dere alle godt vær frem-over, det ser i hvert fall lovende ut i skrivende stund!

Hilsen Ann Kristin





# LÅTT OG LØYE

med Vegar Våge



-Var det vanskelige spørsmål  
på eksamen?

-Nei, det var svarene jeg slet med.

HA HA HA

- Pappa ble arrestert, han var for tidlig ute med julehandelen.
- Hva er det som er galt med det?
- Han var ute før butikkene åpnet.

Så var det roboten som gikk til angrep på en bensinpumpe. Den følte seg fornærmet over at pumpen hadde fingeren i øret hele tiden.

HE HE HE

- Kelner, tallerkenen min er møkkete.
- Det er ikke møkk, det er suppa.



Så var det den svenske brannvarsleren som lages i uknuselig glass.

- Denne fyrstikken virker ikke.
- Hva er galt med den?
- Jeg vet ikke, den virket nå nettopp.



- Har du sett en lastebil full av sauer kjøre forbi her?
- Nei, falt du av?

Menneskets beste venn har fire bein, og kalles sofa.



- Hvorfor står gardistene utenfor slottet?
- De passer på kongen.
- Å ja, vil han rømme fra dronningen?

- Hva kalles en lada med dobbelt eksosrør.
- Trillebår.




HO HO HO






# PÅ KRYSS & TVERS



av Lars Morten Kro



Vinnarar av april-oppgåvene blei:

Oppg. 1 & 2: Elin Fjermestad

Oppg. 3: Eli Kro


**GRATULERER!**

(Reidar Alvestad og Annette Bokneberg har stått for trekninga ).

Vinnarane vil få Bingoflax-lodd

**For få løysningar:**

Framleis er det få som sender inn løysningar! Kva kan grunnen til det være? Kanskje ingen orker å sette seg ned å løyse kryssord etter skolen/jobben, eller er premien for kjedelig? Eller er det noe andre typar oppgåver som er meir populære? Viss det er nokon som vil sende inn løysningar viss premien/type oppgåver forandre seg kan dei godt gi tips til kulturkontoret.



3



|   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|
| S | T | A | N | S | E | T |
| Y | R | K | E |   | S | A |
| R | O | E |   | I |   | L |
| E |   | R | I | S | P | E |
|   | H |   |   | S | A |   |
| T | A | K | K | E | N | E |
| A |   | A | V |   | T | I |

|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| K | U | ↓ | S | E | R | E | N | A | D | E |   |
| L | E | V | E | R | A | N | S | E |   | R | A |
| A | R | A |   | O |   | D | E |   | V | E | N |
| M |   | N | Ø | D |   | E | L | T | I | N | G |
| M | I | D | D | E | L |   | L | Y | S |   | I |
| E |   | R | E | R |   | B | E |   | E | L | V |
| R | Å | E |   | E |   | Å | R | E |   |   | E |
| I | R | R | E |   | T | R | E | N | G | E | R |
|   | E |   | R | A | R | E |   | S | O | T | E |
| S | N | I | T | T | E |   | H | E | L | E | N |

Løysningar!!

2

**8 dyr!**

1: Gnu

2: Kamel

3: Beltedyr

4: Moldvarp

5: Gorilla

6: Orangutang

7: Skilpadde

8: Krokodille

**4 matretter!**

1: Kalkun

2: Bacalao

3: Grateng



# NYE OPPGÅVER

**Innleveringsfrist: 10. juni**

**Namn:**

|   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |   |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| R | E | D | I | E | B | R | A | T | R | O | P | S | N | A | R | T |
| G | R | A | V | E | M | A | S | K | I | N | F | Ø | R | E | R | A |
| W | Ø | L | E | D | N | O | B | T | K | E | T | I | K | R | A | N |
| T | S | E | R | P | O | L | I | T | I | K | E | R | H | M | K | N |
| O | I | G | R | E | R | Ø | F | V | I | T | O | M | O | K | O | L |
| L | R | E | I | E | F | D | E | T | E | K | T | I | V | J | K | E |
| I | F | O | T | O | G | R | A | F | B | G | R | U | R | I | K | G |
| P | S | L | L | Æ | R | E | R | E | K | I | R | T | K | E | L | E |


**Finn 18 yrker:**

Dette er ei oppgave som passer for alle! Her skal du altså finne navn på 18 skjulte yrker inne i bokstavrotet. Orda kan stå både vassrett, loddrett, forlengs og baklengs!

**Puslekryss!!**

**2 bokstavar:**

ET, LÅ, OM, RE, RÅ, VE, YR, ØK, ÅT



**3 Bokstavar:**

ARA, EIK, ESS, GAL, LEN, LER, LIR, LØK, NYS, NÅL, RED, REI, SER, SKY, TEK, TET, VIN, ØDE.

**4 Bokstavar:**

ADAM, ARIE, DERE, EDEL, EDRU, ENER, ETER, FURU, GIRO, LEER, OKER, PLEN, REST, RIER, SELE, STIV, TAGG, TARA, TELE, UDYR, VRAK, VRED, ÅTAK.

**5 Bokstavar:**

AGRAR, ANROP, DEMPE, DRESS, ELDRE, ENDTE, ENTRE, GENRE, GRESS, IRENE, KAUK, KJERR, KRANS, KRILL, NEPAL, PESER, ROERE, SAB LA, SENER, STANS, STYRE, TYREN, VELUR, VEMOD, VIDDE, ÅRSAK.

**6 Bokstavar:**


BEVISE, DAGTOG, ETEREN, FORDRA, KALIUM, KRAPYL, KRONER, RENATE, SEKRET, SEMENT, SIESTA, SMYGER, STERIL, TEBOKS.



# Konfirmantar Bokn kyrkje 30. april



Cathrine Almås  
Eivind Eikje  
Henriette Øvrebø



## SpareBank 1 SR-Bank

*Er du en av dem som ennå ikke har Sr-Bank Bokn som din bank-forbindelse?*

**Hva skal til for at du vil være vår kunde?**

*Vi står til din disposisjon enten du er kunde, vil bli kunde, eller om du ønsker et tilbud på hele "pakken".*

|               |               |
|---------------|---------------|
| Mandag-Onsdag | 08:15 - 15:00 |
| Torsdag       | 10:00 - 17:00 |
| Freitag       | 08:15 - 15:00 |

*Stikk innom i banken,  
....eller ring for å avtale tid:  
52748221 / 52748222*

**Totalleverandør  
av finansielle  
tjenester !**

SpareBank 1 SR-Bank  
**BOKN**



## BOKN H-LAG

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk

# SMARKED

**BJØRN LINDANGER**



## Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
  - Me formidler båring og skyting.
  - Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
  - Levering av røyr og kummer.
- dumperbiler.



## A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

### AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-  
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-  
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP



## KULTURKALENDEREN

- 21.: Bokn søndagsskule, Bokn bedehus  
21.: Misjonssambandet, Bokn bedehus kl. 19.30  
• **Veke 21 og 22 – Tentamen, Bokn skule – bord og stolar i gymsalen**  
22.: Barnaklubben på Hognaland kl. 10.30 – 12.30 sesongavslutning  
24.: Formannskapsmøte, gml. kommstyresal kl. 19.00  
25.: Bokn Pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30  
26.-28.: Kretsleir for ulv og meis på Blikshavn, Karm.  
27.: Ungdomstreff kl. 19.00 – 01.00 på skulen, frå 7. klasse  
28.: Felles ridetur, Erik Eikje – arr. BORK  
28.: Gudsteneste kl. 19.00  
31.: Basar på skulen kl. 19.30 – arr. Saniteten

## JUNI

- 01.: Kristi himmelfartsdag – fellesgudst. for Nordre Ryfylke Prosti på Jelsa  
01.: Sprangstevne og grilling – arr. BORK  
02.: Elevane fri, Bokn skule  
04.: Bokn søndagsskule, Bokn bedehus  
04.: Blå Kors, Bokn bedehus kl. 19.30  
• **Veke 23 og 24 – arbeidsveker 9. klasse, Bokn skule**  
07.: Formannskapsmøte, gml. kommstyresal kl. 19.00  
08.: Driftsstyremøte, gml. kommstyresal kl. 19.00  
11.: Gudsteneste kl. 19.00  
12.: Gudstenestene for alle i Nordfylket på Krosshaugen i Haugesund  
12.: Misjonsselskapet, Bokn bedehus kl. 19.30  
17.: "Ta sjansen" i Humraparken – arr. Bokn Båtforening  
17.: Ungdomstreff kl. 19.00 – 01.00 på skulen, frå 7. klasse

## BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og torsdag  
kl. 9.00 – 15.30

Direktenr. 52 75 25 33

Geir Austvik  
fysioterapeut

## FOTTERAPI

kvar fredag på  
legekontoret  
kl. 09.00 – 14.00

For påmelding,  
tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen  
fotterapeut

## SONETERAPI/

## NATURMEDISIN

onsdagar frå kl. 08.30  
på fysioterapirommet.

Timebestilling:  
52 74 86 11

Jorid Veia  
heilpraktikar

## LIKNINGSKONTORET

Kontordagar i Bokn  
tysdag og torsdag kl. 08.00 –  
15.00

Tlf. 815 32 666  
(skatteetaten)

Måndag, onsdag og  
fredag kontordagar ved  
Tysvær liknings- og  
folkeregister i Aksdal  
kl. 08.00 – 15.00

Gaute Kro  
likningssjef i Bokn

## LEGEN

**Dr. Ihnberg har ferie i  
veke 21, 22, 23 og 24  
(22. mai – 18. juni)**

**Dr. Wikerøy kjem  
torsdagar i denne tida.**

## TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 – 15.30

Tlf. 52 75 21 50  
Fax. 52 75 21 51  
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: llinjenr. 150  
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde  
trygdesjef

## LANDBRUKS-KONTORET

Kvar torsdag kontordag i Bok-  
natun kl. 9.00 – 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må  
gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i  
Tysvær andre vekedagar,  
tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset  
jordbrukssjef





Ved oppringing etter kl. 15.00 må ein alltid nytta direkte nummer.

|                            |                                                         |                     |
|----------------------------|---------------------------------------------------------|---------------------|
| 52 75 25 00                | Sentralbord                                             |                     |
| 52 75 25 01                | Rådmann                                                 | Jan Erik Nygaard    |
| 52 75 25 02                | Økonomisjef                                             | Solrunn Alvestad    |
| 52 75 25 03<br>91 35 40 82 | Ordfører<br>Tysdag – ring på førehand                   | Svein Ove Alvestad  |
| 52 75 25 04                | Seksjonssjef sosial                                     | Reidar Alvestad     |
| 52 75 25 05                | Seksjonssjef teknisk                                    | Hans Faye           |
| 52 75 25 07                | Kommunekasserar                                         | Harald Bokneberg    |
| 52 75 25 08                | Seksjonssjef kultur                                     | Jardar Havikbotn    |
| 52 75 25 10                | Seksjonssjef servicetorg                                | Gro Sørensen        |
| 52 75 25 15                | Telefaks Boknatun                                       |                     |
| 52 75 25 30                | Bokn sjukestove                                         |                     |
| 52 74 85 22                | Legevaktsentralen                                       |                     |
| 52 75 25 34                | Seksjonssjef helse                                      | Gunn Grønnestad     |
| 52 75 25 36                | Psykiatrisk sjukepleiar<br>Tysdag/fredag 08.00 – 15.00  | Laila Nemeth        |
| 52 75 25 40                | Legekontor                                              | Mandag og torsdag   |
| 52 75 25 43                | Helsesøster tysdag/torsdag<br>Open helsestasjon torsdag | Eva B. Svendsen     |
| 52 75 25 45                | Biblioteksjef                                           | Linda Ognøy         |
| 52 75 25 47                | Kyrkjeverge<br>Tysdag/onsdag 08.30 – 15.30              | Svanhild Alvestad   |
| 52 75 25 50                | Rektor/seksjonssjef skule                               | Dag Halvorsen       |
| 52 75 25 51                | Undervisningsinspektør                                  | Ingjerd Thuestad    |
| 52 75 25 54<br>91 53 79 26 | Barnevernleiar<br>Tysdag, og etter avtale               | Eva Moi             |
| 52 75 25 66                | Skulefritidsordning                                     | Ranveig Nygaard     |
| 52 75 25 67                | Telefaks skulen                                         |                     |
| 52 75 25 70                | Seksjonssjef barnehage                                  | Jarle Haakonseth    |
| 52 75 25 70                | Petra Fritidsklubb                                      | ( På klubbkveldar ) |
| 52 75 25 80                | Tannlege                                                | Anita Knutsen       |

## BOKN BYGDABLAD

### UTGJEVAR

Bokn kommune

5561 BOKN

Tlf 52 75 25 00

Fax 52 75 25 15

E-post: [jhavikbotn@bokn.kommune.no](mailto:jhavikbotn@bokn.kommune.no)

Bankgirokontto 3373 07 00305

Postgirokontto 0806 56 84501

### BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

### REDAKTØR

Jardar Havikbotn

Direkte tlf. 52 75 25 08

### REDAKSJON

Jardar Havikbotn

Reidar Alvestad

Linda Ognøy

### ABONNEMENT

Kr. 150,- pr. år

### ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvsida kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

### FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

### BLADET KJEM UT

10 gonger i året ( ikkje januar og august )

### FORSIDEBILDE

17. mai på Bokn

Foto: Annette Bokneberg

## TILBUD

## STEINFRI SKJELLSAND

Kr. 130,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Jakob Ullenes,  
4150 Rennesøy*

51 72 32 87

946 70 873



## DET FØRSTE SPADESTIKKET

Tekst og foto: Jardar Havikbotn

Arbeidet med å byggja ny barnehage er no starta. Tysdag 25.04.00 tok varaordførar Arne Hosaas og nokre barn det første spadestikket.

Barnehagen, som skal vera ferdig i oktober, vil ha meir enn nok plassar til å få 100% barnehagedekning i kommunen. Han vil koma på ca. 5.5 millionar kroner, og er eit løft økonomisk for Bokn.



Maria Nilssen, Sofie Rossebø, Kaj Raymond Mikkelsen, Stian B. Høyland, Jarle Haakonseth, Benedicte O. Mæland, Arne Hosaas, Ida G. Schmeichler og Remi André Jøsang er nøgde etter det første spadestikket.

**Barnehagen blir sentralt plassert nær skule, kommunesenter med bibliotek og sjukeheim.**

Bokn kommune satsar på småbarnsfamiliar, og deira kår i kommunen. Kommunen er for tida i god vekst, og hadde i 1999 den største auken av innbyggjarar i Rogaland, og nest største i landet.

- Dette er ein historisk dag for Bokn kommune. For første gong byggjer Bokn ein barnehage, og det skjer i året kommunen er 150 år, seier varaordføraren stolt.

- Den barnehagen me har i dag held til i det bygget som skulen i 1973 flytta ut av, og dei gler seg veldig til dei kan flytta inn i nye lokale, legg seksjonssjef Jarle Haakonseth til.

Flott kake av Julianne Nilssen.



## 1. KLASSINGAR OM ÅR 2000



Charlotte: Eg vil at det skal vera tørt i graset for då kan eg rulla i det. Også har eg lyst til å reisa til Island for der er det fleire leikeplassar.



Alexander: Eg har lyst at alle skal ha det bra.



Marius: Eg syns at me skal ha det bra og godt. Me skal vera ganske ganske snille.